

Kunnskapsdepartementet

Høyring - NOU 2010:8 Med forskertrang og lekelyst

Høgskulen i Sogn og Fjordane ved avdeling for lærarutdanning og idrett har sett på innstillinga frå utvalet, og har følgjande merknader til rapporten. Avdelinga oppretta ei gruppe som har lest instillinga. Gruppa består av faglærarar (pedagogikk, samfunnsfag, estetiske fag) og studieiar frå førskulelærarutdanninga.

Vi opplever at Brenna-utvalet har gjort eit grundig og godt arbeid og skrive ein NOU som samsvarar godt med utvalet sitt mandat. NOU'en gir ein god historisk dokumentasjon på korleis barnehagen har utvikla seg, noko som er til stor nytte for oss som arbeider i førskulelærarutdanninga.

I del III blir det gjort viktige vurderingar og vi har valt å legge vekt på å kommentere dei anbefalingane som vi opplever som mest sentrale.

Punkt 11.6.2 Barn i alderen 1-2 år

Når utvalet skal sjå på korleis ein kan sikre *alle førskulebarn* eit systematisk pedagogisk tilbod, bør ein også ta barn under 3 år med i vurderinga. Utvalet har her valt å sjå vekk frå denne gruppa, sjølv om barn på eitt og to år utgjer rundt ein tredjedel av alle barn i barnehage i dag. I og med at prosentdelen barn med erfaring frå barnehage per dags dato er på 96 prosent, vil det vera eit viktigare poeng å sikre det pedagogiske tilboden for *alle barn* heller enn å gjøre barnehagen obligatorisk for ei bestemt aldersgruppe. Om ein skal sikre alle førskulebarn eit systematisk pedagogisk tilbod, bør dette også i aller høgste grad gjelde barn på eitt og to år. I utredninga vert det ved fleire høve lagt vekt på korleis hjernen formast i barnets første par leveår, og det blir også framheva at kvaliteten på det pedagogiske tilboden for dei yngste dermed er svært avgjørende. Vi meiner at det pedagogiske tilboden til barn under tre år bør takast med i anbefalingane. Blant anna bør punktet om familiebarnehagar drøftast nærmere.

Vi meinar at det bør gjerast ei nærmere utgreiing om korleis ein kan sikre dei yngste eit systematisk pedagogisk og kvalitetsmessig godt barnehagetilbod.

Punkt 12.2 Gratis barnehage

Forslaget om 20 timer gratis barnehage i veka til alle barn i aldersgruppa 3-5 år, ser vi på som positivt. Vi støttar forslaget om at innhaldet i desse timane skal vere basert på eit heilskapleg syn på læring, og at dette vert gjeve innanfor det ordinære barnehagertilboden.

Ideelt sett burde det vore 20 timer gratis barnehage i veka til alle barn som går i barnehagen, men vi kan forstå at det ikkje er økonomisk grunnlag for dette på noverande tidspunkt.

Punkt 12.4.1 Målformuleringar i rammeplanen

Utvalet foreslår at det i Rammeplanen vert sett mål for kva det enkelte barn skal utvikle av basiskompetanse. Vi synest at det er fint at utvalet har tatt tak i punktet basiskompetanse og sett på

Postadresse	Avdeling	Besøksadresse	E-postadresse	Telefon	Telefaks
Høgskulen i Sogn og Fjordane Postboks 133, 6851 Sogndal	Avdeling for lærarutdanning og idrett	Fosshaugane	post@hisf.no	57 67 60 00	57 67 61 00

problemstillingar rundt utviklinga av dette. Punkta som var lista opp i Rammeplan av 1996 er eit godt utgangspunkt for å konkretisere kva ein meinar med basiskompetanse. Desse punkta må sjølv sagt vidareutviklast i arbeidet med ny Rammeplan.

Punkt 12.4.2 Frå plan til praksis

Utvalet foreslår at det i rammeplanen må stillast krav til likt fokus på formelle og uformelle læringsituasjonar i barnehagen. Utvalet skriv mykje bra om uformell læring. Uformelle læringsituasjonar vil bidra til at barnet er ein aktiv medskapar og barns spontane initiativ vil føre til ny læring. Det er viktig at pedagogane ser denne muligheta til læring og tar utgangspunkt i barnas initiativ.

Utvalet skriv ”*Utvalet er også (...), men vil vise til at dette alene vil bidra til at det er de aktive, utadvendt og engasjerte barna som i størst grad får oppmerksomhet og får styre aktivitetene i barnehagen*”. Vi er usikre på om det å gjera aktivitetane formelle aleine vil vera det som får dei stille barna fram. For barn, utadvendte eller innadvendte, vil det å ta utgangspunkt i uformelle situasjonar gi stor motivasjon. Det viktige her er korleis personalet ser barna og sikrar at alle barn bli sett i barnehagen.

Vi er einige med utvalet i at det skal vere både formell og uformell læring i barnehagen. Vi er uroa for at det å framheva det formelle kan gå på bekostning av det uformelle. Her er det viktig korleis ein formulerar desse punkta.

Punkt 12.4.4 Tilpassa tilbod og identifisering av barn med særlege behov

Utvalet foreslår at alle barnehagar må ta i bruk ein tretrinnsmodell for meir systematisk identifisering og oppfølging av barn med særlege behov. Utvalet foreslår også at det vert utarbeidd ein rettleiar for barnehagane om arbeidet med barn med traume.

Vi er einige i punkta og meiner desse er viktige, men vi er usikre på om utvalet meiner at modellen skal brukast på alle barn. Det er bra at det blir utvikla materiale til dette arbeidet, men det må ikkje bli slik at alle barn skal kartleggast. Her må vi ha tillitt til at pedagogane med sin fagkunnskap kan gjere ei vurdering av kva barn som treng ekstra hjelp. Vi stiller oss også tvilande til at kartlegging av alle barn etter ein tretrinnsmodell kan gjennomførast så lenge det er så fåe pedagogar i barnehagen.

Punkt 12.5 Personalet i barnehagen

Vi er einig med utvalet si bekymring for kompetansesituasjonen hjå dei tilsette i barnehagen. Vi støttar såleis framlegget om at minimum 50% av dei tilsette må ha førskulelærarutdanning, og at det i tillegg vert innført eit minimumskrav til formelle kvalifikasjonar for assistenter.

Utvalet sitt forslag om 4-årig førskulelærarutdanning støttar vi ikkje. Vi meinar at dette er i strid mot innføringa av 3-årig bachelor og 2-årig master vi har i dag og som resten av Europa også nyttar. Vi ser heller at ein utvidar tilboden av masterutdanninger retta mot førskulelærarar, då vi på sikt ser at dette er vegen å gå. Det er også viktig at det vert minst mogleg skilnad mellom grunnskulelærarutdanninga (som truleg vil bli 5-årig) og førskulelærarutdanninga.

Vi har også ein kommentar til forslaget om dispensasjon frå utdanningskravet. Vi støttar fullt ut at det å gi varige dispensasjoner bør fjernast. Midlertidige dispensasjoner bør stå i samsvar med den tida det tek å kvalifisere seg gjennom ei deltidsutdanning (4 år), då dette kan hjelpe kommunar som har problem med å få kvalifiserte søkarar til sine barnehagar.

Punkt 12.6 Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule

I avsnittet 12.6 vert det trekt fram forslag om praksis i barnehagen for studentar i grunnskulelærarutdanninga retta inn mot 1.- 7. trinn. Dette forslaget synest vi er viktig og vi støttar forslaget då vi ser at dette kan vere eit godt tiltak for å betre overgangen mellom barnehage og skule.

Punkt 12.7 Styring av sektoren og foreldrebetaling

Vi vil også trekke fram forslaget om sterkare nasjonale kvalitetskrav i barnehagen gjennom lov og forskrifter. Dette er eit viktig punkt, men vi etterlyser her noko om storleik på barnegrupper, då vi ser på dette som ein avgjerande faktor for kvalitet i barnehagen.

Punkt 12.8 Kunnskap om barnehagens betydning

Utvalet kjem med viktige framlegg om forsking på barnehagesektoren. Det trengst betydeleg meir forsking innan dette fagområdet. Skal vi lukkast med fagleg utvikling av barnehageområdet, må det i lang tid framover øyremerkast midlar til forsking innanfor feltet.

Med helsing

Høgskulen i Sogn og Fjordane

Åse Løkeland

Rektor

Rasmus Stokke

Dekan avdeling for lærarutdanning og idrett